
Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 0

Tal uprenta vedlegg: 0

Handlingsplanen - rapport 1. halvår/prioriteringar 2. halvår

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

- 1) Vestlandsrådet tek rapport for 1. halvår til vitande.
- 2) I det vidare arbeidet med handlingsplanen vert det gjort slik prioritering

Samferdsel

- Samla Transportplan for Vestlandet med hovudfokus på næringstransport /godstransport. Persontransport vil også vere eit tema.
- Vestlandsrådet sitt forvaltningsforsøk innanfor vegsektoren
- Kome i inngrep med arbeidet med neste revisjon av Nasjonal transportplan (2010-2019)
- Oppfølging av handlingsprogrammet til NTP, inkludert oppfølging av statsbudsjettet for 2006.
- Stad skipstunnel

Næringsutvikling og innovasjon

- Framhald av arbeidet med nye marine artar.
- Halde fram arbeidet for auka bruk av gass.
- "Ressursbaserte opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene"
- Oppfølging av dialogen med "Vestnorsk nettverk for universitet og høgskular"

Kultur

- Arbeide vidare med å få fram ein kulturpolitikk innan ei sjølvstendig regional kulturpolitisk ramme.
- Utarbeide strategi omkring kultur- og næringssetting på Vestlandet.
- Følgje opp St.meld.nr.16 2004 – 2005 *Leve med kulturminner* i eit Vestlandsperspektiv

Internasjonalt arbeid

- Medverke til at politikarar frå Vestlandsfylka som har verv i europeiske organisasjonar kan nytte desse verva aktivt og målretta.
- Samarbeide med departementa og dei andre landsdelsorganisasjonane om internasjonale saker
- Få til eit slagkraftig EiC – kontor og syte for at det på ny kjem inn på statsbudsjettet
- Starte eit samarbeid om ein Nordsjøen – strategi

- 3) Framlegget til ny tekst når det gjeld maritime næringar vert godkjend.

Prenta vedlegg:

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

Saksframstilling

SAMANDRAG

(ikkje ferdig)

0. INNLEIING

Denne saka er delt i to. Første del omhandlar det som er gjort 1. halvår 2005. Andre del inneheld framlegg til prioriterte tiltak for 2. halvår 2005.

Vestlandsrådet gjorde i sak 38/04 "Vegen vidare – handlingsplanen for Vestlandsrådet" slikt vedtak:

"1. I det vidare arbeidet med handlingsplanen vert det særleg i første fase prioritert å arbeide med følgjande tiltak:

Samferdsel

- Gjennomføre arbeidet med revidert forslag til Vest39 og bidra til endeleg utforming av forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015
- Legge til rette for at vedtekne målsettingar med Vestlandsrådet sitt forvaltningsforsøk innanfor vegsektoren vert oppnådd.
- Starte arbeidet med forslag til samla transportplan
- Legge til rette for vidare gjennomføring av eventuelt prosjekt innanfor luftfartssektoren.
- Sikre nødvendig planavklaring av Stadt skipstunnel som grunnlag for snarleg handsaming av prosjektet i Stortinget.

Næringsutvikling og innovasjon

- Fortsette arbeidet for utvikling av havbruksnæringa.
- Støtte aktivt opp om utviklingsprogrammet Marin Vest
- Arbeide for auka bruk av gass
- Arbeide for regionalisering av verkemiddel innanfor næringsområdet
- Betring av kystberedskapen, særleg i samband med oljevernmeldinga.
- Arbeide for å få fram meir konkret kunnskap om kva særlege utfordringar dei prioriterte næringane i handlingsplanen for Vestlandsrådet står framfor
- Fremja kontakten mellom ulike kompetansmiljø og næringsutviklingsmiljø for å styrkja innsatsen i den regionale næringsutviklinga.

Kultur

- Arbeid med søknad om regional overtaking av statlege oppgåver og verkemiddel på kulturområde, til dømes innan spelemidlar og museumsforvaltning

Internasjonalt arbeid

- Skottland-strategi for Vestlandsrådet
- Arbeidet med maritim sikkerheit bør følgjast opp

2. Prioriteringa i punkt 1 vert lagt til grunn for vidare dialog og samarbeid med storbyane, kommunane og andre samarbeidspartar

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

3. Vestlandsrådet ber om ei sak våren 2005 der vidare arbeid med gjennomføring av handlingsplanen vert vurdert, under dette også om det er behov for å rullere handlingsplanen ”

1. RAPPORT FOR ARBEIDET 1. HALVÅR 2005

1.1 SAMFERDSEL

1.1.1 Gjennomføring av arbeidet med revidert forslag til Vest39:

Vest39 vart revidert etter ein høyringsrunde i kommunane og etter at dei endelege rammene i handlingsprogrammet var fastlagde. Vest39 skil seg vesentleg frå Statens vegvesen sitt forslag til handlingsprogram for E39, og den største skilnaden ligg i at Vestlandsfylka prioriterer å få sett av midlar til vidare planlegging av Rogfast i første periode slik at prosjektet kan startast opp i siste periode. I Vest39 er gjennomføring av Renndalen – Staurset (på begge sider av grensa mellom Møre og Romsdal /Sør-Trøndelag) prioritert i første periode. Revidert Vest39 vart samrøystes vedteke i ekstraordinært møte i Vestlandsrådet 14.mars på Flesland. Høyringsfristen var 1.mai, og Vestlandsrådet gav då uttale i samsvar med vedtaket i tillegg til å vise til fylka sine egne vedtak. I etterkant er det utarbeidd informasjonsmateriell om Vest39, og dette vart brukt i møte med samferdselsminister T. Skogsholm 9.mai og med Vestlandsbenken same ettermiddag. Deler av dette ligg på Vestlandsrådet sine heimesider.

1.1.2 Vestlandsrådet sitt forvaltningsforsøk innanfor vegsektoren:

Den administrative koordineringsgruppa som arbeider med forvaltningsforsøket innanfor vegsektoren blir leia av regionvegsjef Torpp. Statens vegvesen Region vest har også sekretariatansvaret for gruppa og samferdselsjefane i dei tre forsøksfylka (Rogaland, Hordaland og Sogn og fjordane) er medlemmer, og Møre og Romsdal har møterett i gruppa. Det viktigaste tema har vore planprogram for det enkelte år i tillegg til arbeidet med Nasjonal transportplan. Arbeidet med Nasjonal transportplan har vore prega av manglande tid til medverknad frå fylka. Rammene har også vore så små at det har vore vanskeleg å gjere omprioriteringar mellom fylka på dei fylkesfordelte midlane. Vestlandsrådet v/ den administrative koordineringsgruppa vil nå gå gjennom intensjonen med forsøket og kva meir vi kan få ut av det.

1.1.3 Samla transportplan for Vestlandet:

Dette arbeidet er starta opp, og 13.juni hadde referansegruppa for arbeidet ein temadag i Bergen. Referansegruppa er sett saman av representantar frå Transportetatane (Statens vegvesen, Jernbaneverket, Kystverket og Avinor), LO, NHO, Bergen og Stavanger kommune og regionråda på Vestlandet. Denne dagen hadde vi fokus på dei overordna problemstillingane for Vestlandet og dei utfordringane vi har for å få den næringsutviklinga med grunnlag for busetnad som vi ynskjer. Eit grunnlagsnotat vart utarbeidd før samlinga, og dette blei sendt deltakarane på førehand. I tillegg til nokre korte innlegg var gruppearbeid ein viktig del av temadagen. Vestlandsrådet sine medlemmer hadde høve til å delta. I slutten av september vil vi arrangere ein eigen temadag for Vestlandsrådet sine medlemmer, og på slutten av året har vi som ambisjon å ha eit første utkast til transportplanen klart.

1.1.4 Prosjekt innanfor luftfartsektoren

Rogalandsforskning er engasjert til å utarbeide ein rapport om luftfart på Vestlandet. Her blir eksisterande flyplass-struktur analysert, og det blir drøfta ulike alternativ for styringsmodellar for luftfarten på Vestlandet.

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

1.1.5 "Fjordbussen"

Rogaland og Hordaland gjennomfører eit prøveprosjekt med felles ruteopplegg som det kan vere aktuelt å utvide til dei to andre fylka etter kvart.

1.1.6 Planavklaring Stad skipstunnel:

Kystverket har fått 5 mill.kr til vidare detalj-prosjektering av Stad skipstunnel. Dette arbeidet har dei nå starta opp, og Vestlandsrådet forventar å få bli ein aktiv deltakar i arbeidet.

1.2 NÆRINGSUTVIKLING OG INNOVASJON

1.2.1 Nye marine artar/støtte opp under Marin Vest

I vedtak i VR den 12/1 2005 vart det vedteke å utvikle eit strategisk handlingsprogram kalla "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar". Vestlandsrådet si næringsgruppe står ansvarleg overfor Vestlandsrådet i dette arbeidet. Arbeidet med å utvikle "Vestlandsprogrammet" er organisert i 3 ulike fasar:

- Førebuingsfasa (fram til juli 2005)
- Forprosjektet (juli 2005 – 1. kvartal 2006)
- "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" frå 2. kvartal 2006 – 2012.

Ein legg opp til at førebuingsarbeidet vert fasa over i eit forprosjekt når det vert gjort positivt vedtak på dette i vestlandsrådet. Ein har oppretta ei "Marin ressursgruppe"ⁱ som har utført arbeidet i førebuingsfasa. Dette arbeidet skal munne ut råmer og innhald for forprosjektet i eige sak i juni-møtet i Vestlandsrådet..

I vedtaket i VR den 12/1 2005 peika på 3 hovudelement som "Vestlandsprogrammet" skal ta opp i seg: Forsking og utvikling (FoU), finansiering og rammeføresetningar og verktøy. Ein har i førebuingsfasa arbeida med forankring og utdjuping av deler av alle desse hovudelementa. Arbeidet mot Norges Forskningsråd (NFR) har så langt ikkje vist at det er vilje til ei vridning eller delegering av avgrensa oppgåver/midlar frå NFR til eit Vestlandsprogram. Derimot kan vi få ta del i erfaringar med arbeidet og organiseringa som NFR gjør/har gjort i samband sine program og det tidlegare Numario-programmet (Nye marine organismer i oppdrett).

Både rapporten "Vurdering og utvikling av nye artar i oppdrett og bruk av offentlege virkemidler for kommersialisering på Vestlandet"ⁱⁱ og fagsamlinga med sentrale representantar frå ulike marine artar avdekkja at hovudutfordringa ligg i finansiering av oppskalering/kommersialiseringsfasa. Dette vil bli eit viktig hovudelement i forprosjektet. I samband utviklinga av "Vestlandsprogrammet" har ein gjeve innspel til Stortingsmelding nr. 19 om marin næringsutvikling. Særleg interessant i denne er tankar om å utvikle eit marint innovasjonsprogram, Vestlandsrådet har her invitert seg inn til å vere ein medaktør i å utvikle innhald i eit slikt program.

ⁱ Sett saman av Johan Livastøl, Rogaland Fylkeskommune, Siri Hanson, Hordaland Fylkeskommune, Tormod Venvik, Møre og Romsdal fylke, Kari Holmefjord Vervik, Marin Vest og Lena Søderholm, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

ⁱⁱ Utarbeidd av Norconsult 2004 på oppdrag frå Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

1.2.2 Auka bruk av gass

I høve St.meld. nr. 47 (2003-2004), Innst. S. nr. 135 (2004-2005) Innovasjonsverksemda for miljøvennlege gasskraftteknologiar mv. sende Vestlandsrådet 20.01.05 fråsegn med følgjande innhald (stikkordsmessig):

- Aktiv statleg medverknad for distribusjon (både røyr og CNG/LNG) samt avgiftsfritak for bruk av gass til transportfremål. Det blir vist til at forholda ligg best til rette for ein god infrastruktur på Vestlandet ut frå nærleik til ressursane og tilgjengeleg infrastruktur som basis for vidareutvikling.
- Rammevilkår for CO₂-fangst og –transport, både for auka oljeutvinning og som innsats i industriell utvikling på land.

Kor vidt innspela vart tekne til følgje kan diskuterast. Mest tydelege er dei politiske signala i høve Grenland og Trøndelag, men Monstad er nemnt. Energi- og miljøkomitéen avga si innstilling 04.03.05, og meldinga vart handsama i Stortinget 15.03.05, der det vart fatta følgjande vedtakⁱⁱⁱ:

- 271: St.meld. nr. 47 (2003-2004) - om innovasjonsverksemda for miljøvennlege gasskraftteknologiar mv. - vedlegges protokollen.
- 270: Stortinget ber Regjeringen gi Statnett, eventuelt annet statlig selskap, sammen med kommersielle aktører i oppdrag å gå inn i konkrete drøftinger med industrien i Grenland og Trøndelag med sikte på å realisere rørløsninger for transport av gass. En statlig støtte til rør inn Trondheimsfjorden begrenses til å støtte grenrør inn til for eksempel Trondheim, Orkdal og Verdal og eventuelt utvidelse av rørdiameter for hovedrøret for å gi plass til gass til disse mottakssteder. Resultatene av disse prosessene kan danne grunnlag for distribusjon av gass til andre steder langs kysten, for eksempel Mongstad.

1.2.3 Betring av oljevernberedskapen

Vestlandsrådet handsama St.meld. nr. 14 (2004-2005) - På den sikre siden - sjøsikkerhet og oljevernberedskap i sak 20/05. Det vart vedteken ein høyringsuttale i seks punkt (samt diverse underpunkt). Eitt av desse var å delta på høyringsmøte i Samferdslekomitéen 16. mars 2005, der VR var representert ved Tom-Christer Nilsen og Audun Erik Sunde.

Det er særleg eitt (under-)punkt i fråsegna som komitéen har gripe fatt i. Dette gjeld vidare utbygging av statleg oljeverndepot og gjenoppretting av depot på Fedje. Dette var fleire høyringsinstansar inne på. Komitéen seier følgjande:

- "Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti, vil peke på at med sikte på en oljevernberedskap for framtiden, vil det være nødvendig med en oppgradering av de ulike depotene langs kysten. I den sammenhengen vil flertallet spesielt peke på situasjonen rundt skipstrafikken til både Mongstad og Sture. Flertallet mener at det var gode grunner til at det ble etablert et hoveddepot i Florø. Situasjonen i dag tilsier at det i tillegg kan være grunnlag for å gjenopprette Fedje som et eget hoveddepot, Flertallet ber Regjeringen legge fram en egen sak om dette."

Ein av hovudambisjonane til Vestlandsrådet var å få flytta ressursar i Kystverket frå Horten til Vestlandet. Komitéen seier ikkje noko om slike spesifikke organisatoriske val.

Sentrale dokument i saka er [St.meld. nr. 14 \(2004-2005\)](#) og [Innst. S. nr. 178 \(2004-2005\)](#).

ⁱⁱⁱ Nærare innsyn i stortingsmelding og komitéinnstilling får ein ved å følgje desse lenkene.
[St.meld. nr. 47 \(2003-2004\)](#), [Innst. S. nr. 135 \(2004-2005\)](#).

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

1.1.4 Regionalisering av verkemiddelbruken

Arbeidet har vore konsentrert om tema nye marine artar (sjå ovanfor) og å gi fagleg bidrag til arbeidet med evt. nytt folkevalt nivå på Vestlandet.

1.2.5 Meir konkret kunnskap om prioriterte næringar

Arbeidet har vore konsentrert om nye marine artar (sjå ovanfor) og dialog med VNN; Vest norsk nettverk for universitet og høgskular. Oppfølgingspunkt i dialogen med VNN 3/3 2005 og som primært vedkjem satsingsområdet Næring og Innovasjon er:

- Nye marine artar og blå-grøn allianse
- Dialog om nye tema. VNN peika på reiseliv og kommersialisering av forskingsresultat som to aktuelle tema
- Etablering av arenaer for forskning og utvikling
- Ein konferanse om høgare utdanning (med vidare perspektiv enn næringsutvikling)

1.3 KULTUR

1.3.1 Status

Våren 2005 har administrasjonen i stor grad konsentrert seg om å delta på utgreiingsarbeidet omkring eit nytt folkevald nivå på Vestlandet. Både vurderingar knytt til å overføre makt, mynde og midlar frå sentralstyresmaktene til Vestlandsregionen, og arbeid i forhold til å vurdere kva oppgaver fylkeskommunane i dag arbeider med, men som ut frå kvalitets- og effektivitetsomsyn med fordel kan gjerast innanfor ein Vestlandsregion, er drøfta i utgreiingsarbeidet omkring eit nytt folkevald nivå.

Ein har òg delteke i samband med å presentere Vestlandskunstnarar på Isle of Man i mai 2005.

1.4 INTERNASJONALT ARBEID

1.4.1 Delta i utvikling av internasjonal regionalpolitikk, Vestlandsrådet aktør i internasjonale fora

Vestlandsrådet ønskjer å arbeide vidare med den nye regionalpolitikken i EU og konsekvensane for Noreg.

Nasjonalt seminar om EU sin nye regionalpolitikk i Ålesund 10 og 11 mai.

Initiativet kom frå kontaktgruppa for Europapolitisk Forum. KR D var arrangør i samarbeid med Vestlandsrådet og med Møre og Romsdal fylke som vertskap. Tema var EU sitt framlegg til ny regionalpolitikk, nye reglar for statsstøtte og dei 2 nye EØS – finansieringsmekanismane.

Seminaret samla 153 deltakarar og vart svært godt motteke.

Aktivitetar i europeiske organisasjonar (Nordsjøkommissjonen/ CPMR, AER, Euromontana).

Medlemsfylka i Vestlandsrådet har fremja forslag til resolusjon til Nordsjøkommissjonen sitt årsmøte i Nederland i juni 05 om havpolitikk. Tilsvarande forslag er også send inn frå tyske regionar.

Det er positiv stemning for eit nytt Nordsjøprogram. EU – kommisjonen offentliggjorde 14.07 .04 eit utkast til forordning, som er send medlemslanda, Europaparlamentet o.l. til høyring. Det er gjort slike framlegg om dei strategiske satsingsområda for framtidige program innan

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

”territorial cooperation”: Forsking og Utvikling, IKT, Miljø, Risikohandtering, Vannforvaltning.

EU – kommisjonen kjem før sommaren til å fremje meir konkrete forslag. I tillegg har Austlandssamarbeidet varsla at dei kan tenke seg eit samarbeid med dei andre landsdelene om tema, vinkling og geografi m.o.t. dei nye programma. Dette blir også tema på kontaktgruppa sitt møte 21.06. .

I melding til vestlandsrådet sitt april-møte vart det gjeve ei grundig framstilling av deltakinga i internasjonale fora frå Medlemmene i rådet. Vi skal her berre kort nemne:

- Dei nære banda til Nordsjøkommisjonen, Austlandssamarbeidet og BTV, er blitt endå tettare. Nordsjøkommisjonen si arbeidsform og organisering er tema for den nye leinga.
- CPMR (Conference of Peripheral Maritime Regions): Rogaland utførte et stort arbeid . Roald G Bergsaker med vara Eirin Sund (begge Rogaland) ble valgt til CPMR's politiske byrå i tillegg til Gunn – Marit Helgesen, som er visepresident i CPMR.
- CPMR – prosjektet ”Europe of the Sea” er no i gang, og 2 Vestlandsfylke er partnarar(Rogaland og Møre og Romsdal). Rogaland leiar arbeidsgruppa for Forsking og utvikling, samt innovasjon. Sekretariat for denne gruppa er Havforskningsinstituttet i Bergen.. Formålet med prosjektet er å kunne levere innspel til EU – Kommisjonen sitt arbeid med ein heilskapleg havpolitikk, sett frå ein regional ståstad. Det er teke initiativ til ein konferanse for interessentar (stakeholders) i regi av Nordsjøkommisjonen i Bergen i november. Tanken er at denne konferansen skal samle synspunkt frå Nordsjøen, Austersjøen, Norskehavet, Barentshavet og Nordvest – Atlanteren.
- Det har vore teke eit initiativ for samarbeid med Skottland: Det har vore uttrykt ønskje om å utarbeide ein eigen ”Skottlands – strategi”. Det ligg føre eit oversiktsnotat som viser dagens samarbeid i hovudtrekk og peiker på potensialet. Vestlandsrådet utsette sak på januar – møtet, og i debatten kom det fram synspunkt på at ein burde gå noko breiare ut, t.d ved å utarbeide ein Nordsjøen – strategi.

1.4.2 Ivareta Vestlandet sine interesser, primært EØS, men også andre avtaler

EiC – tenesta.

Etter kvart er kunnskapsnivået betre i høve til EØS – avtalen. Informasjonsverksemda må likevel aukast, ikkje minst med omsyn til den raske utviklinga som skjer i EU – systemet. Det er ei spesiell utfordring i å støtte opp om verksemda til dei ulike **EiC – sentra**, primært andsynes næringslivet, men også mot offentlig sektor. EiC Vest arbeider med eit planforslag som tek sikte på ei styrka EiC – teneste i alle Vestlandsfylka. EiC Vest har i første halvår inngått ein strategisk samarbeidsavtale med RKK, Rogaland Kurs – og Kompetansesenter, slik at 3 av 4 Vestlandsfylke no er direkte involvert.

Bidra til at igangsette og nye prosjekt, spesielt innan Interreg, når dei venta resultat.

Vestlandsfylka hevdar seg i fremste rekke når det gjeld leiing og deltaking i europeiske partnaraskap. Sentrale prosjekt innan INTERREG, slik som Safety at Sea, Geoshare og Enable, Nordlig Maritim Korridor, Hitrans og Nordsjøen – sykkelrute og – kulturløyper, er eksempel på dette.

Noreg tek del i 31 av 54 noverande Nordsjøen – prosjekt. Dokumentasjon av resultat og spreiding av informasjon om prosjektverksemda er i seg sjølv ei viktig oppgåve.

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

Initiativ på prosjektnivå som Nordlig Maritim Korridor og Safety at Sea er blitt lagt merke til i EU – kommisjonen. Maritim tryggleik og beredskap er utpekt av EU – kommisjonen som framtidig satsingsområde. Ulike instansar på Vestlandet har spelt ei viktig rolle i å utarbeide eit europeisk paraply – prosjekt for auka maritim tryggleik Dette er etablert frå 1.januar 2005.

Ny strategi for Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) vart starta då Vestlandet hadde formannskapet i 2003. Vestlandsrådet har handsama utkast til strategiprogram, som blir slutført på NORA – komitemøtet på Grønland i juni.

1.4.3 Samarbeid mellom Brussel – kontora

Administrasjonen har via kontaktgruppa for Europaplattforma kome med framlegg om eit møte i Brussel til hausten, der alle de norske Brussel – kontora kan treffe kontaktgruppa og diskutere samarbeid og koordinering.

1.4.4 Aktivitetar i Europapolitisk Forum og oppfølging av Europapolitisk Plattform – kontaktgruppa

Kontaktgruppa har på kort tid teke ein viktig posisjon, ikkje minst som en ”clearing –sentral” for ulike spørsmål og samarbeidstiltak som involverer departementa, KS, Landsdelsutvalgene og Sametinget. Kontaktgruppa starta med eit eige 22 – punktshandlingsprogram tidleg i 2003. Fleire av punkta er alt gjennomført, og programmet er oppdatert i 2005.

Europapolitisk Forum har halde 3 møte. Føremålet med Forumet er å styrke samarbeidet mellom ulike myndigheiter om europapolitiske spørsmål. Dette er også omtalt i regionalmeldinga. På møtet i februar hadde leiar i Vestlandsrådet eit førebudd innlegg om behovet for ein Maritim Strategi. Dette skal følgjast opp på neste møte i Forumet, 25 august i Kristiansand.

1.4.5 Nordsjøens sin miljøtilstand, spesielt Sellafeld

Det vert lagt opp til å følgje utviklinga og ta initiativ i aktuelle saker.

- Sellafeld – saka ser førebels ut til å være løyst. Vestlands – fylka har halde ein høg profil i mange år.
- Havrett og Havdomene: Vestlandsrådet har løyvd midla til Europaprogrammet sitt prosjekt. Det har vire i arbeid tre grupper: havressursar og maritim gruppe, samt juridisk gruppe.
Maritim gruppe leverte si innstilling i april 2005 og vil legge frem resultatata på Vestlandsrådet sitt møte 21.06.

2 VURDERINGAR OG FRAMLEGG TIL PRIORITERING FOR 2. HALVÅR 2005

2.1 SAMFERDSEL

2.1.1 Eventuell trong for justering av handlingsplanen

Noko av det arbeidet Vestlandsrådet har hatt fokus på kan nå avsluttast eller takast over i ein annan fase. Dette gjeld først og fremst arbeidet med handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan. Vidare framover må vi ha fokus på at dei årlege budsjetta oppfyller det som er med i handlingsprogrammet. I tillegg må vi arbeide langsiktig slik at vi får inn dei viktige og

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

rette innspela til neste revisjon av Nasjonal transportplan. Dette skjer nå gjennom arbeidet vårt med Transportplan for Vestlandet. Luftfartsprosjektet blir avslutta nå i sommar, og vidare arbeid innanfor dette temaet må skje gjennom arbeidet med Transportplan for Vestlandet.

2.1.2 Prioriteringar 2. halvår 2005

- Samla Transportplan for Vestlandet med hovudfokus på næringstransport /godstransport. Persontransport vil også vere eit tema.
- Vestlandsrådet sitt forvaltningsforsøk innanfor vegsektoren
- Kome i inngrep med arbeidet med neste revisjon av Nasjonal transportplan (2010-2019)
- Oppfølging av handlingsprogrammet til NTP, inkludert oppfølging av statsbudsjettet for 2006.
- Stad skipstunnel

Samla Transportplan for Vestlandet:

I dette prosjektet tek vi utgangspunkt i dei utfordringane vi har på Vestlandet innanfor næringstransport /godstransport og persontransport. Prosjektet vil omfatte alle transportformer, sjø-, luft-, bane- og vegtransport. Ei eventuell vidareføring av luftfartsprosjektet vill inngå, likeeins å sjå på hamnestrukturen på Vestlandet.

Vestlandsrådet sitt forvaltningsforsøk innanfor vegsektoren:

Vestlandsrådet v/den administrative koordineringsgruppa må redefinere kva ein vil med- og kva ein kan få til i forsøket. Av konkrete arbeidsoppgåver vi ser nå er arbeidet med utsetting av ferjedrifta på anbod. Statens vegvesen har laga ein plan for dette arbeidet, og dei vil ha løpande kontakt med aktuelle fylke og kommunar i høve til anbodsutsetjing av dei einskilde ferjestrekningane. Vidare vil gruppa arbeide aktivt med planprogrammet for 2006 slik at vi sikrar oss at vi får den framdrifta vi treng på dei prioriterte prosjekta.

Kome i inngrep med arbeidet med revisjon av NTP 2010-2019:

Vi vil skaffe oss ein oversikt over korleis det sentrale arbeidet med revisjon av Nasjonal transportplan 2010-2019 er lagt opp med omsyn til prosess og viktige milepelar. Det er Vegdirektoratet som er tildelt ansvaret for revisjonsarbeidet, og vi vil ta kontakt for å sikre at vi får den medverknaden som vi ynskjer.

Oppfølging av statsbudsjettet for 2006:

Vi vil arbeide aktivt inn mot dei sentrale myndigheitene for å sikre oss at budsjettet for samferdsle blir i samsvar med handlingsprogrammet til NTP 2006-2015. Vi har hatt møte med statsråden og Vestlandsbenken om dette 9.mai, og det er utarbeidd informasjonsmateriell knytt til dette.

Stad skipstunnel:

Stad skipstunnel er eit av dei få konkrete prosjekta som Vestlandsrådet har prioritert å arbeide med. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått ansvaret for dette, og det vil nå bli lagt ein prosess som sikrar framdrift i dette arbeidet.

2.2 NÆRINGSUTVIKLING OG INNOVASJON

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

2.2.1 Justering av handlingsplanen

Ein gjennomgang viser kor fort utviklinga går på området maritime næringar. Beskrivinga er så generell at den ikkje kan seiast å vere forelda, men er kanskje litt for fokusert på den "eldste" delen av klynga – skipsbygging og offshoreverft? Fleire av tiltaka er "utdatert"/gjennomført og må fornyast

Etter dette gjer ein framlegg om følgjande nye tekst:

"Maritime næringar

Dei maritimt retta næringane på Vestlandet utgjer ei relativt komplett næringsklynge som har utvikla seg over lang tid. Den unike kompetansen og samspelet i klynga gjer dette til ein dynamisk og utviklingsretta del av næringslivet langs kysten. Næringane i klynga er mellom dei mest globaliserte vi har og internasjonale rammevilkår er derfor avgjerande for kvar aktørane etablerer si verksemd. Vestlandsrådet skal arbeide for å halde på og vidareutvikle ei sterk og framtidretta maritim næringsklynge på Vestlandet, der ein størst mogleg del av dei maritime bedriftene si verdiskaping skal skje i Noreg. Det skal arbeidast for at rammevilkåra for bedriftene er like dei som gjeld internasjonalt, også når det gjeld lokalisering av hovudkontor og eigarskap. I samarbeid med kunnskapsinstitusjonane skal det arbeidast for ei høg innovasjonstakt i næringane.

Vi vil:

- Arbeide for å bevare mangfaldet i klynga gjennom gode rammevilkår for alle aktørar.
- Sikre at dei statlege og fylkeskommunale utdanningstilboda på Vestlandet og landet elles ivaretek dei maritime næringane sine kompetanse- og rekrutteringsbehov i åra som kjem
- Ta initiativ til eit program for bygging av statleg finansierte farty som til dømes ferjer drivne av naturgass.
- Arbeide for å betre tilgangen til langsiktig og risikoviljug kapital til dei maritime næringane.
- Arbeide for å styrke forskning, utviklings- og innovasjonsarbeidet i klynga."

2.2.2 Prioriteringar 2. halvår 2005

- Framhald av arbeidet med nye marine artar (jfr forprosjektplan for utvikling av "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" som er anna sak på junimøtet 2005).
- Halde fram arbeidet for auka bruk av gass. Tilsynelatande manglar det ikkje på politiske ambisjonar i høve auka bruk av gass i Noreg. Når det kjem til konkrete resultat, er det framleis ein lang veg å gå. I fråsegn til St.meld. nr. 47 (2003-2004) Innovasjonsverksemda for miljøvennlege gasskraftteknologiar mv. la Vestlandsrådet vekt på forhold som aktiv statleg medverknad for distribusjon (både røyr og CNG/LNG) samt avgiftsfritak for bruk av gass til transportfremål. Vestlandsrådet la også vekt på at det er naudsynt å arbeide for betre rammevilkår for CO₂-fangst og -transport, både for auka oljeutvinning og som innsats i industriell utvikling på land. Stortinget si utkvittering av innspela var ikkje særleg konkret, og arbeidet bør difor halde fram.
- "Ressursbaserte opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene" – i første omgang ved å utfordre vestnorske kompetansmiljø til å analysere særlege utfordringar og komme med tilrådingar som tener som arbeidsgrunnlag for vidare planlegging saman med representantar for næringslivet og lokalforvaltninga. Sjå nærare omtale under 2.2.3 nedanfor.

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond Ueland, Signe Eikeners, Roar Nasset
Arkivsaksnr.: 05/00052

- Oppfølging av dialogen med "Vestnorsk nettverk for universitet og høgsular"
 - Generelt ved å utvikle tenelege arenaer for samspel mellom forskning, næringsliv og det offentlege og ved å bidra til gjennomføring av ein konferansen om høgare utdanning.
 - Og meir avgrensa til tema nye artar i oppdrett og tema ressursbaserte bygdenæringar.

Arbeid for regionalisering av verkemiddel vert integrert i dei to første tema.

2.2.3 Nærare om " Ressursbaserte opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene "

Grunnlaget finn vi i Vestlandsrådet sin handlingsplan innan reiseliv og landbruk.

Vestlandsrådet bør i første omgang fokusere på dei interessante koplingane som ligg i mellom reiseliv – landbruk – nye tenester basert på natur- og kulturressursane i Vestlandsbygdene. Det bør brukast tid på å definere eit innsatsområde nærare. For det først er det ein omfattande innsats innan temaområdet; både som bransjesatsing og som lekk i bygdeutvikling / geografisk retta utviklingsprogram. For tida er det også under utvikling fylkesoverskridande prosjektinitiativ innan reiseliv (innan Arena programmet). Det er ein føresetnad at dei initiativ som vert tekne både i regi av Vestlandsrådet og i regi av eit eventuelt Arena-prosjekt blir samordna og koordinert i størst mogleg grad.

Med utgangspunkt i handlingsplanen er det naturleg at Vestlandsrådet no etablerer seg som ein synleg aktør i det fylkesovergripande arbeidet innan reiseliv og landbruk. Målet må vere å tilføre noko ekstra til eksisterande aktivitet i fylke, regionråd eller einskildkommunar. Vestlandsrådet ønskjer derfor å:

- Bidra til prioritering av innsats innan framtidig fylkesoverskridande aktivitet.
- Bidra til aktivitet på Vestlandsnivået som tilfører "meirverdi" til lokal aktivitet.

I første fase må problemstillingar beskrivast nærar og eit arbeidsgrunnlag utformast. Det er naturleg å utfordre fou-miljø i dei 4 fylka til å klargere:

- Særlege utfordringar for det vi som arbeidstittel kan kalle "ressursbaserte opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene" og
- Komme med framlegg til korleis utviklingsarbeid på tvers av fylka kan gripast an. Vidare arbeid kan tenkjast som:
 - eit breitt arbeid for bygdeutvikling eller som
 - eit eller fleire meir spissa program.

Geografisk målområde vil vere det rurale Vestlandet, men med klare koplingar til samspelet mellom by og land.

Det er viktig i det vidare arbeidet med dette tema at sentrale miljø innan reiseliv og kunnskapsverksemdene vert engasjert..

2.3 KULTUR

2.3.1 Oppgåver hausten 2005

Kulturpolitikk er i dag meir enn nokon sinne sentralistisk og statleg. Regionalisering innan området slik vi kjenner den frå den europeiske debatten viser ikkje att i Norge og følgjeleg skjer det heller ikkje i dag noko regionalisering av norsk kulturpolitikk. Med aukande sentralisering

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nesset
Arkivsaksnr.: 05/00052

vert det viktig å etablere sterkare regional identitet. Kulturpolitikken må i framtida styrast, planleggjast og tilretteleggast regionalt. Ei av dei store utfordringane er å få til ei reell regionalisering, ikkje berre ei ny konsentrering utanfor statsapparatet. Ein må makte å etablere ein eigen sjølvstendig regional kulturpolitikk i samarbeid mellom fylkeskommunane på Vestlandet. Dette arbeidet må intensiverast framover.

For hausten 2005 vil det vere ønskjeleg å vurdere å utarbeide ein strategi – eller plan – omkring kultur- og næringsatsing på Vestlandet. Bakgrunnen for dette er at nettopp kultur, næring og økonomisk utvikling dei siste 20 – 25 åra har fått stadig auka fokus. For oss på Vestlandet handlar koplinga mellom kultur og næring òg om korleis vi kan bruke vår eiga kulturelle skatteboks for å lage næringar og trygge lokalsamfunna våre. Det er utarbeida ei eiga Stortingsmelding om kultur og næring, St.meld.nr. 22 (2004-2005), som det er naturleg å følgje opp.

Det er elles initiert eit ønskje om å kartlegge dei internasjonale relasjonane kvar fylkeskommune har i dag. Kanskje kan det vere grunnlag for å utvide ein allereie etablert samarbeidsrelasjon til å gjelde to eller fleire fylkeskommunar i framtida.

I april handsama rådet høyringsfråsegn til St.meld.nr.16 2004 – 2005 *Leve med kulturminner*. Det ligg til rette for ei oppfølging av denne i eit Vestlandsperspektiv. Eit eksempel er SAVOS si tidlegare satsing på fartøyvern. Denne satsinga – materialisert gjennom ein eigen fartøyvernplan for SAVOS - førte til at Riksantikvaren gjekk inn på ein modell for auka satsinga, som har vore særskild viktig. Denne modellen er det no gjort framlegg om å avslutte. Ei mogeleg oppfølging av auka fokus på kulturminne vil kunna vere å engasjere seg i å finne ein ny modell tufta på tilsvarende finansieringsløyser.

I handlingsplanen for Vestlandsrådet står det vidare at ein tek sikte på å etablere fleire "møteplassar" m.a. gjennom å arrangere årlege kulturkonferansar. Det er ikkje planar om å arrangere ein stor kulturkonferanse i 2005, men det kan vere aktuelt å invitere til eit seminar om kultursatsing knytt til kultur og næring kopla m.a. til utvikling av kultursatsing mot dei største byane våre. Film vil òg vere eit viktig tema for slikt seminar.

2.4 INTERNASJONALT ARBEID

Prioriterte oppgåver 2. halvår

Arbeidet med internasjonale saker innan Vestlandsrådet er på rett veg. Det bygger på innsats i det enkelte medlemsfylke, samt røymsler og kontaktar frå tidlegare landsdelssamarbeid. Etter internseminaret i juni vil det bli halde eit eige "strategimøte" (august) for å strukturere arbeidet vidare.

Fleire politikarar frå Vestlandsfylka har viktige verv i europeiske organisasjonar som ivaretek regionane sine interesser. Det er ei viktig oppgåve å legge til rette for at verva kan nyttast aktivt og målretta. Det er teke initiativ overfor kontaktgruppa for Europaplattformen at det vart lagt opp til ei felles samling der desse spørsmåla kan drøftast meir inngående.

Samarbeidet med departementa og dei andre landsdelsorganisasjonane om internasjonale saker er viktig og positivt. I andre halvår vil særleg drøfting om rammer og innhald i nye EU – program (2007 – 2013) vere viktig. Invitt frå Austlandssamarbeidet vil bli følgt opp.

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Sverre Mautitzen, Trond
Ueland, Signe Eikeners, Roar Nettet
Arkivsaksnr.: 05/00052

Kontaktflata ovanfor næringsliv og kommunar i høve internasjonalt arbeid må styrkast. I dette arbeidet er Brussel – kontora med heimeapparat og EiC – tenesta viktige reiskapar. I andre halvår bør ein få til eit slagkraftig EiC – kontor, som på ny kjem inn på statsbudsjettet.

Prosjektmidlar i inneverande programperiode (t.d. Interreg, Austersjøen og Nordsjøen) er på det næraste oppbrukt. Konkrete resultat og informasjon om pågåande prosjekt vert vektlagt. Arbeidet med maritim tryggleik vert følgd opp. Fleire viktige prosjekt vert avslutta hausten 2005. Resultata bør knytast nærare opp til Vestlandsrådet sitt arbeid med sakene (marint/maritimt/fiskeri – etc).

Ein stor del av Vestlandsfylka sin innsats har naturleg nok hatt sin base i Nordsjøen – samarbeidet. Overfor Austersjø – land og nye EU – land er det eit ”forbetringspotensial” – ikkje minst med tanke på aktivitetar i samband med dei nye EØS – finansieringsmekanisme. I andre halvår kan det være ein ide å fokusere på miljø på Vestlandet som er i god gjenge mot EØS – midlar.

Med bakgrunn i drøftingane i internseminaret i juni vil det være ei prioritert oppgåve å starte eit samarbeid om ein Nordsjøen – strategi.